



Statens vegvesen

Fagnotat

Til:	Hordaland fylkeskommune ved Even Vaular	Sakshandsamar/telefon:
Frå:	Vegavdeling Hordaland ved Leif Arne Aas, Jostein Vandaskog og Terje Vidar Hoel	<Terje Vidar Hoel / 95088758>
Kopi:	Carl Erik Nielsen	Vår dato: 29.05.2018
	Gunhild Beate Nes Vangsnes	Vår referanse:

ENDRINGAR FOR TILTAK I PROGRAMOMRÅDET TS – 2018

Statens vegvesen (SVV) har hatt ein dialog med Hordaland fylkeskommune om bygging av veglys på fv. 121 i Hovdatunnelen. Her har vi sett at vi kan spare miljøet og kostnadar ved gjenbruk av materiell.

Det er også diskutert å omdisponere løyvinga for rassikring i Vangdalsberggtunnelen til tiltak inne i tunnelen. Målet er å gi syklistane ei trygg ferd på strekninga.

Hordaland fylkeskommune ved Even Vaular har bedt om eit fagnotat som underlag for ei meldingssak for desse sakane på neste møte i MISA.

SVV nyttar høvet til å melde om utviklinga i prosjekt med tiltak ved fortau i Vikøy, og ved eksisterande fartsdempande tiltak på Gjermundshamn og Vikøy.

FV. 121 HOVDATUNNELEN I FUSA KOMMUNE – GJENBRUK AV LYSARMATUR OG KABELSTIGE

Fusa kommune har ved fleire høve søkt om trafikktryggingsstiltak knytt til skuleveg i Fusa, også for Hovdatunnelen som ligg på fylkesvegen mellom Stussvik til Sævareid.

I arbeidet med investeringsprogrammet for 2017 søkte kommunen om at det blei satt opp veglys i tunnelen. Dette meinte kommunen var lova tidlegare, og Hordaland fylkeskommune ynskte sterkt at SVV fekk dette med under programområdet TS i investeringsprogrammet. Det var ikkje mogleg å få dette til i 2017, men for årets budsjett vart dette prosjektet prioritert. Vi nytta søknadsbeløp frå tidlegare søknad, kr. 1,7 mill. som budsjett.

I arbeidet med detaljprosjekteringa ser ein at kostnadene med tiltaket vert høgare enn det ein før hadde rekna med. Den siste kostnads kalkyla er no på kr. 2,140 mill.

I denne kalkyla er det tatt inn gjenbruk av lysarmaturar og oppheng for kablar i tunneltaket i rustfritt stål. Dette utstyret kjem frå Trodalstunnelen på E39, som skal oppgraderast etter tunnelsikkerhetsforskrifta. Utstyret er berre 5 år gamalt, og gjenbruk fører til ei innsparing på om lag kr. 0,5 mill. Dei som skal drifte anlegget har godkjent denne løysinga.

Men ein ser no at gjenbruk førar til at prosjektet i Hovdatunnelen ikkje kan starte opp før sommaren 2019.

Vi har fått ei tilbakemelding frå Hordaland fylkeskommune om at ein går for gjenbruk med oppstart sommaren 2019, og SVV melder eit behov for overføring av midlar frå 2018 til 2019, med ein auke i løyvinga frå kr. 1,7 mill til kr. 2,140 mill.

Oppsummert – SVV jobbar vidare med gjenbruk av armaturar og oppstart sommaren 2019

FV. 49 VANGDALSBERGTUNNELEN KVAM HERAD – OMGJERING AV TILTAK FRÅ RASSIKRING TIL TUNNELSIKRING

Her er det løyvd kr. 5 mill. til rassikring av GS- vegen utanom Vangdalsberg tunnelen. GS- vegen er gamlevegen som blei erstatta av tunnel, og denne er for tida stengd av ras.

Kvam herad ynsker sterkt at det vert sett inn tiltak for å trygge tilhøva for mjuke trafikantar på strekninga.

Plan og Forvaltning, Voss og Hardanger, har tatt til orde for at det vert sett på ei anna løysing enn rassikring av GS- vegen på utsida av tunnelen.

Det er i hovudsak tilkomsten til GS- vegen som er grunnen til vår uro for tiltaket med rassikring, da tilkomsten til GS- vegen er nære opp til tunnelmunningane i begge endar. Etter at rassikringa er utført vil det framleis vere stor risiko ved bruk av GS- vegen. Dette kan føre til ulukker med påkøyring av syklistar.

Vi meiner derfor at det vil vere ei betre løysing å bruke om lag kr. 1 mill. på tiltak inne i tunnelen.

Det er frå før av gjort utbetringar på tunnelbelysninga, og fartsgrensa er sett ned til 60 km/t gjennom tunnelen.

Vi har sett på supplerande tiltak som kvitkalking av tunnelen, fjerne tunnelmarkørane og gjere vegskulderen meir tilgjengeleg for dei mjuke trafikantane. Sist, men ikkje minst, vil vi sette opp ein sokalla «sykkelknapp»

«Sykkelknappen» er eit opplegg der syklistane sjølv aktiverer eit skiltanlegg der fareskilt nr. 144 «Syklistar» vert aktivert med oransje blinkande lys, ev. i kombinasjon med ei dynamisk fartsgrense der fartsgrense 80 km/t vert senka til 60 km/t. Anlegget går i ei tidssløyfe som vert stilt inn etter tunnallengda.

Oppsummert – SVV meiner at det vil verte betre tryggleik for syklistane med sikringstiltak inne i tunnelen ved Vangdalsberget. Rassikring er dessutan ei dyrare løysing.

UTBETRINGSILTAK PÅ FV. 49 VIKØY – FORTAU VED MUR VED GRAVPLASS.

Kvam herad, Hordaland fylkeskommune og SVV avgjorde i fjor å gjere mindre utbetringar på fv. 49 ved Vikøy kyrkje.

Fortauet langs gravplassen har ei breidde på 1 til 1,5 meter, og SVV vart bedne om å sjå på ev. tiltak for å få ei større fortausbreidde.

Etter synfaring og kontakt med Kvam Kyrkjeråd, ser SVV at det ikkje vert mogleg å utbetre fortauet som eit strakstiltak. Her må ein gjennom ein planprosess.

Kryss opp til Prestegarden er utflytande, og det manglar nokre meter med fortau. Her har vegseksjonen bestilt utbetring som avtalt.

Oppsummert – fortausutbetring ved gravplassen i Vikøy kan ikkje utførast som eit strakstiltak, men arbeidet med kryssutbetring går som planlagt

FARTSDEMPANDE TILTAK PÅ FV. 48 GJERMUNDSHAMN OG FV. 49 VIKØY

Hordaland fylkeskommune løyvde midlar til fartsdempande tiltak på Gjermundshamn og Vikøy, og dette vart bygd i 2016.

Etter ynske frå fylkeskommunen vart det bestemt at ein skulle prøve ut fartsputar for å ta meir omsyn til tunge køyretøy, som får ei større påkjenning på fartshumpar enn til dømes personbilar.

Fleire målingar viser at fartsdempinga er tilfredstillande.

Men ved Vikøy var det nokre utfordringar som førte til ei uheldig løysing. Resultatet er at nokre trafikantar køyrer over i motgåande køyrefelt for å ikkje treffe fartsputa.

Dette er ein situasjon som kan føre til ulukker.

På Gjermundshamn meiner brukarane at fartsdempinga med kryssingspunktet må flyttast, da nokre køyretøy vel ein farleg høg fart for å rekke ferga.

SVV melder med dette at vi ser trong for ei utbetring av desse tiltaka, og vi ber fylkeskommunen om ein uttale på om vi kan gå vidare med denne saka.

Vi anbefalar at desse tiltaka vert tatt inn i programmet for 2019, og vi har ei førebels kalkyle på i underkant av kr. 1 mill. totalt for begge tiltaka.

Oppsummert – SVV ber om at utbetring av fartsdempande tiltak i Gjermundshamn og Vikøy vert tatt inn i programmet for 2019.